

| | |
|----------------|-----------------|
| Til: | Fakultetsstyret |
| Fra: | Dekanen |
| Sakstype: | Vedtak |
| Møtenr.: | 3/2021 |
| Saksnr: | O-SAK 3 |
| Møtedato: | 24.09.2021 |
| Notatdato: | 02.09.2021 |
| Saksbehandler: | Ingebjørg Hovde |

Oppnemning av medlemmer i fakultetet sitt valstyre for perioden 2021 – 2022

Bakgrunn

Fakultets valstyre skal oppnemnst av fakultetsstyret. Det samfunnsvitenskaplege fakultet valde hausten 2019 eit nytt valstyre for perioden 2020 – 2023. Jamfør UiO sitt valreglement § 3.3, 2. ledd, fungerer eit valstyre inntil det nye styringsorganet har vald nytt valstyre.

Delegering

Representant for gruppene mellombels vitenskapleg tilsette og studentar skal oppnemnst årleg, den siste gruppa etter at studentutvalet ved SV har funne sin kandidat. I fakultetsstyremøtet 11.09.2020 delegerte fakultetsstyret til dekanen å årleg godkjenne representant for gruppa mellombels vitenskapleg tilsette og studentrepresentant. Dette for å sikra at ein til ei kvar tid har eit fulltalig valstyre. Fakultetsstyret vil verta orientert etter kvar endring i samansetning av valstyre.

Samansetning og valperiode

Valstyret skal vera samansett av ein representant kvar av gruppene fast vitenskapleg tilsette, teknisk- og administrativt tilsette, mellombels tilsette i undervisning- og forskarstillingar og studentar. Fast vitenskapleg og teknisk-administrativt medlem i valkomiteen vert oppnemnd for 4 år, og mellombels tilsett og studentmedlem vert oppnemnd for 1 år.

Valstyret sitt ansvar og oppgåver

UiO sitt valreglement § 3.3: «Valgstyrer for valg på fakultets- og instituttnivå. Fakultetsstyret oppnevner et fakultetsvalgstyre. Dette har ansvar for følgende valg som avvikles på fakultets- og instituttnivå: valg av dekan og prodekan, instituttleder og stedfortreder for instituttleder, og for valg til fakultetsstyre og instituttstyre/råd. Det kan delegere til instituttene å gjennomføre valgene. Instituttstyret oppnevner da eget valgstyre. Ved institutter som har råd og ikke styre, oppnevnes valgstyre på instituttnivå av fakultetsstyret. Fakultetsdirektør/instituttleder organiserer et fast valgsekretariat som er underlagt fakultets/instituttvalgstyret.»

Valstyret vil ha ansvar for den praktiske avviklinga av vala, med eit valsekretariat til å støtte seg på. Valstyret tek, med utgangspunkt i valreglementet, avgjerd om valbarheit, stemmerett, og om opplegget for organisering av (dei elektroniske) vala.



Fakultetsvalstyre for val i perioden 2020 – 2023

- Representant for fast vitenskapleg tilsette: Jostein Askim, ISV
- Representant for teknisk-administrativt tilsette: Mari Strønstad Øverås, ØI

- Representant for mellombels vitenskapleg tilsette: Stine Nygård, PSI, for perioden 2021-2022, oppnemnt av dekanen på fullmakt frå fakultetsstyret.
- Representant for studentane Mathias Meyer, ØI, for perioden 2021-2022, oppnemnt av dekanen på fullmakt frå fakultetsstyret.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tar saken til orientering.